

Orientering om samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021 - 2030

Plan- og
forvaltingsutvalet

Komit  for
samfunnsutvikling

Komit  for levek r

09.02.20

Formannskapet

10.02.20

Samfunnsplanen oppsummert

Del 1: Samfunns mål - kva samfunn ønskjer me oss?

Del 2: Satsingsområde - korleis skal me nå samfunnsmåla?

Del 3: Oppfølging av planen - samanhengen mellom overordna føringar og handling

Samfunnsmåla skildrar kva samfunn me ønskjer oss, medan satsingsområda er dei områda som gir størst ønskjelege ringverknader. Summen av satsingsområda gjer at me når samfunnsmåla våre.

Samfunnsmål

Livskvalitet – skaparkraft – miljømedvit

Dette er samfunnet me ønskjer oss. Dei tre samfunnsmåla må sjåast i samanheng, og alle må ivaretakast for å oppå ei god samfunnsutvikling.

Livskvalitet betyr

Likeverdige tenester der folk bur

Bustad og arbeid for alle

Mangfaldige og inkluderande lokalsamfunn

Tilrettelagde, lågterskel rekreasjonsområde

Samfunns mål

Livskvalitet – skaparkraft – miljømedvit

Dette er samfunnet me ønskjer oss. Dei tre samfunnsmåla må sjåast i samanheng, og alle må ivaretakast for å oppå ei god samfunnsutvikling.

Skaparkraft betyr

Kultur for entreprenørskap

Smarte lokalsamfunn

Å nytte natur- og kulturgjevne fortrinn

Samfunns mål

Livskvalitet – skaparkraft – miljømedvit

Dette er samfunnet me ønskjer oss. Dei tre samfunnsmåla må sjåast i samanheng, og alle må ivaretakast for å oppå ei god samfunnsutvikling.

Miljømedvit betyr

Å redusere klimagassutslepp

Å redusere klimarisiko

Minst mogleg avfall og mest mogleg gjenbruk

Å ta vare på natur- og kulturverdiar

Satsingsområde

Me må satse på område som gjer at me når samfunnsmåla våre, og som tek inn over seg dei viktigaste utviklingstrekk. Sogndal kommune ventar folketalsauke i nokre delar av kommunen og fråflytting i andre delar, ein større del unge innbyggjarar, og samtidig eit auka tal eldre i heile kommunen, og ein stram kommuneøkonomi. Dette betyr at satsingsområda må legge til rette for tilflytting i vekstområda, og samtidig gje gode levekår i heile kommunen og gode ringverknader for heile Sogn.

Best på oppvekst

Sunn og aktiv livsstil

Sterke kompetansemiljø

Attraktive tettstader

Snill storebror i Sogn

Best på oppvekst

Kvifor?

Me må handtere tilflytting og ein høgare del unge innbyggjarar. Å satse på barn og unge og familiane deira vil gje gode forhold for å etablere seg i kommunen, sunne born og unge og viktig arbeidskraft. Nærområde som er gode for barn og unge er også gode for alle aldersgrupper.

Kva inneber det?

Å vere best på oppvekst inneber ei satsing på alle tenester og samfunnsområde som vedkjem barn og unge, og på samhandling mellom desse: helse, familie, bustad, barnehage, skule, arbeidsliv, nærmiljø og fritid.

Sunn og aktiv livsstil

Kvifor?

Sunne og aktive liv gir betre fysisk og psykisk helse. Lokalsamfunn som innbyr til aktiv livsstil senkar terskelen for å vere fysisk aktiv og aukar attraktiviteten for innbyggjarar, tilflyttarar og besøkande.

Kva inneber det?

Satsing på sunn og aktiv livsstil inneber å legge til rette for anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet retta mot barn og unge, lågterskel turløypenett, tilgjengelege nærturar i tettstadene, lågterskel aktivitetstilbod for eldre, gang- og sykkelvegar, å byggje ned sosiale barrierar for fysisk aktivitet og å samarbeide med frivilligheita for å auke aktivitetstilbodet.

Sterke kompetansemiljø

Kvifor?

Dei sterke kompetansemiljøa våre er ein av grunnsteinane for folketalsauken i kommunen, og vil framleis vere sentral for attraktiviteten til kommunen.

Kva inneber det?

Ei satsing på sterke kompetansemiljø inneber å arbeide for at Leikanger framleis skal vere den største offentlege arbeidsstaden og Sogndal Campus det største kunnskaps- og utdanningsmiljøet i Vestland fylke utanfor Bergen, og at privat teneteytande næring veks. Det inneber også å vere pådrivar for ein kultur for kompetanseutvikling, på rekruttering og profilering og på effektive og miljøvenlege jobbreiser.

Attraktive tettstader

Kvifor?

Tettstadene er viktige for tilbod og funksjonar, men også som kjelde til trivsel for innbyggjarar og besøkande. Me må handtere store delar av den forventa folketalsauken i tettstadene våre, samtidig som at me må sørge for at dei beheld og utviklar attraktivitet.

Kva inneber det?

Ei satsing på attraktive tettstader inneber å integrere bustad, arbeid og daglege funksjonar i ein kompakt tettstadstruktur med inkluderande møteplassar og gode fysiske omgjevnader. Det betyr også å legge til rette for trivsel og aktivitet gjennom eit variert tilbod av kultur, opplevingar, handel, eit variert næringsliv og gode kommunale tenester. Attraktive tettstader tek i tillegg omsyn til eige særpreg og kulturarv, og til lokale og individuelle føresetnader og moglegheiter.

Snill storebror i Sogn

Kvifor?

Utvikling i Sogn er avhengig av eit godt samarbeid mellom kommunane og eit godt regionsenter som gjev positive ringverknader for heile Sogn.

Kva inneber det?

Ei satsing på Sogn Regionråd og utviklingsarbeid med overføringsverdi for nabokommunane, på miljøvenlege transportløyningar, på Sogndal sentrum som eit urbant knutepunkt og på aktørar og tilbod med regionalt nedslagsfelt.

Oppfølging av samfunnsplanen

Planhierarkiet i Sogndal kommune

Frå overordna nivå til handling:

Samfunnsplanen (10-årsperspektiv)

- Gir overordna føringar

Planstrategien (4-årsperspektiv)

- Viser planbehov, prioriterer rekkjefølgje

Strategiar (4-årsperspektiv eller meir)

- Konkretiserer føringane i samfunnsplanen, t.d. digitaliseringsstrategi og strategisk plan for samfunns- og næringsutvikling

Arealplanen og områdeplanar (10-årsperspektiv)

- Set rammer for arealbruken i kommunen

Økonomiplanen (4-årsperspektiv)

- Handlingsdelen av samfunnsplanen

Verksemdsplanar (1-årsperspektiv)

- Administrative planar

Behov for ein ny strategi: BAKT

– strategi for bustad, arbeid, klima og transport

Kvifor BAKT?

- Me har behov for å sjå utviklingsarbeid knytt til bustad, arbeid, klima og transport i samanheng, og i eit større perspektiv enn eigen kommune
- Bustad, arbeid, klima og transport er område med eit stort politisk handlingsrom, og som er gjensidig avhengig av kvarandre

Kva skal den brukast til?

- Strategien skal gje føringar for områdeplanar og stadutvikling i Sogndal kommune
- Bustad, arbeid, klima og transport er viktige område for alle kommunar, og gir eit potensiale for samarbeid med resten av Sogn ved utarbeiding av strategien og oppfølging av han

Premiss for BAKT

Dersom BAKT skal fungere som føringar for stadutvikling i kommunen, må prosessane for arealplan og områdeplanar tilpassast strategien.

- Arealplanen må dreie seg om å sy saman dei tre gjeldande arealplanane og å ta ut utdatert arealbruk og gamle planar som ikkje skal gjelde. Arealplanen må legge føringar for arealbruk utanfor vekstområda, definere tettstedområda og sette krav om områderegulering i tettstader med forventta vekst.
- Områdeplanar er heilskaplege planar for arealbruk i definerte område. **Me må legge til grunn for arealplanen og områdeplanane at vekst skal skje innanfrå og ut i tettstadene, på bakgrunn av områdereguleringsplanar.**
- Ut frå dette har kommunen behov for å fastsette ny framdrift og rekkjefølgje for arealplanen, BAKT og områdeplanar gjennom rullering av planstrategien. Dette kan skje parallelt med endeleg vedtak av samfunnsplanen i juni-møtet til kommunestyret.

Framdrift for samfunnsplanen

16./17. mars

Politisk handsaming

19. mars - 1. mai

Offentleg ettersyn

8. og 9. juni

Handsaming/orientering i utval, komitéar
og formannskap

17. juni

Endeleg vedtak i kommunestyret